



HAUSTBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE REGISTER



I dette nummeret:

- **Årsrapportar frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistre for 2020**
- **Webinar: Presentasjon av nye resultat frå medisinske kvalitetsregistre**
- **Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2021**
- **Metadata og dataprodukt**
- **Endring i leining ved Nasjonalt Servicemiljø**

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no



Årsrapportar frå dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra for 2020

Kvart år utarbeidar dei 51 nasjonale medisinske kvalitetsregistra årsrapportar med resultat. Årsrapporten viser korleis registret jobbar og kva resultat som er viktig å trekke fram i året som er gått. I fjor vart det lansert ei interaktiv resultatframvising *sjukehusvisaren*. Der ein tidlegare måtte sjå resultat per register kan ein no sjå samla resultat for det einskilde sjukehus på sentrale kvalitetsindikatorar frå dei 51 registra.

Sjå resultat frå sjukehusvisaren:
<https://www.skde.no/kvalitetsregistre/alle/sykehus>

Sjå registeroversikt med årsrapportar:
<https://www.kvalitetsregistre.no/arsrapporter-kvalitetsregistre>

Webinar: Presentasjon av resultat frå medisinske kvalitetsregistre (mandag 18.oktober kl. 10-12)

Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre presenterer kvar haust nye resultat frå nasjonale medisinske kvalitetsregistre. I år inviterer dei til webinar 18. oktober klokka 10-12. Her vil resultatene frå eit utval av nasjonale kvalitetsregistre bli presentert. Webinaret vil fokusere på korleis pandemien har påverka kvaliteten i helsetenesta.

Les meir her:
<https://www.kvalitetsregistre.no/artikkel/webinar-presentasjon-av-nye-resultater-fra-medisinske-kvalitetsregistre-0>





Helse- og kvalitetsregisterkonferansen 2021

Helse- og Kvalitetsregisterkonferansen 2021 vert arrangert 15. og 16. november i Oslo. Konferansen er ein viktig møtestad for medisinske og administrative fagmiljø, samt myndigheiter og leiing med interesse for helseregistre.

Tema for konferansen er «Tilgjengeliggjøring og bruk av helsedata». Som deltakar vil du kunne sjå fram til mange spennande føredrag knytt til blant anna behov for helsedata under pandemien, helsedataprogrammet, automatisert datafangst og korleis rolle media

hadde under pandemien.

Les meir om konferansen her: <https://www.registerkonferansen.no/>



Metadata og dataprodukt

Utarbeiding av metadata og dataprodukt om alle helsedatagjelder, deriblant dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra, inngår i arbeidet med etablering av Helseanalyseplattformen. Plattformen skal bidra til å forenkle tilgangen til helsedata for sekundærbruk, slik som forskning og kvalitetsforbetring. Metadata er data som skildrar data og variablar i helsedatagjeldene, medan dataprodukt er ein samstilling av datasett inkludert metadata, bruksvilkår og rettsgrunnlag til helsedataene. Dette er ein føresetnad for overføring av data til Helseanalyseplattformen. Løysinga vil gjere det enklare for forskarar og andre å søke om til-

gang til, og bruke, helsedata. Sjølv om arbeidet med å utarbeide metadata og dataprodukt krev ressursar utover normal drift for dei medisinske kvalitetsregistra, vil det på sikt gjere det enklare for registra å utlevere data til forskingsprosjekt og kvalitetsforbetningsprosjekt. Fleire register har no sett i gang eit arbeid for å definere metadata og spesifisere dataprodukt.

Ein kan finne metadata frå helsedatagjeldene på www.helsedata.no

Endring i leiinga ved Nasjonalt Servicemiljø



Leiar av Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre Eva Stensland tiltretr i ny stilling som fag og forskningssjef i Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE).

Ho tiltretr 1. desember og frårtrer då leiarstillinga i Nasjonalt Servicemiljø. Nesteleiar Philip Skau tar over som konstituert leiar i Nasjonalt Servicemiljø.

Vi takkar Eva for innsatsen og ynskjer ho lykke til i ny stilling!

